Fylkesmannen i Oppland

Skjåk kommune
Moavegen 30
2690 Skjåk

Dykkar referanse		Dato	05.09.2017
Vår referanse	2017/5327-3 433.52 SGR		
Sakshandsamar	Stein Egil Granli, tlf.		
Avdeling	Miljøvernavdelinga		

Iverksettelse av skadefellingstillatelse på 1 jerv i delar av Skjåk kommune

Fylkesmannen i Oppland viser til søknad frå Susanne Ramstad Brenna for Skjåk kommune per telefon og e-post den 4. september d.å., angående skadefellingstillatelse på jerv ved Torddalen, Skjåk kommune. Bakgrunn for innsending av søknad var funn av fleire sauekadaver. SNO hadde på søknadstidspunktet dokumentert at fleire av desse er tatt av jerv. Fellingsløyvet er søkt for «nordområde i Skjåk, samt Finndalen». Fylkesmannen ga løyve til skadefelling per telefon same dag kl. 13:17 til Skjåk kommune v/S. R. Brenna.

Med heimel i naturmangfoldloven § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, gjev Fylkesmannen i Oppland skadefellingstillatelse på ein – 1 – jerv i deler av Skjåk kommune. Løyvet gjeld fram til mandag 11. september kl. 1200. Skjåk kommune er ansvarlig for fellingsforsøket.

Nærmere vilkår følger av dette brevet.

Bakgrunn
SNO melde inn den 2. september d.å. påvist skade av jerv på fire sauer i området Torddalen, Skjåk kommune. SNO konkluderer same dag med antatt sikkert skadd av jerv på alle fire. Ein av skadene vart vurdert til å være ferske, medan resterande tre kadaver var vurdert til å være om lag ei veke gamle. Det er tidligare i august funne og dokumentert to jerveskader i nærområdet, Vestre Dørtjønn, desse er henholdsvis fra 5. og 6. august. Det er frå Skjåk kommune i tillegg opplyst om funn av fire eldre kadaver som ikkje er undersøkt enda. Kommunen opplyser også om tidlig-nedsanking av dyr frå eit område i Finndalen på grunn av jerveskader og manglende lam.

Lovgrunnlaget
Det rettslege grunnlaget for avgjørelsen er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskriften) § 9, jf. §§ 1 og 3.

Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):
"Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk (…) b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom (…) Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte (…)"

Rovviltforskriften § 9 (Fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling): *"Ved vurdering av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til*
a. områdets betydning som beitemark
b. skadenes omfang og utvikling
c. potensialet for fremtidige skader
d. muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35."

Etter § 9 i rovviltforskriften kan Fylkesmannen gi løyve til felling for å hindre framtidig skade innenfor rammen av kvote for betinga skadefelling gitt av rovviltnemnda ev. Miljødirektoratet, jf. forskriften §§ 8 og 13. Rovviltnemnda for region 3 Oppland har vedtatt ein skadefellingskvote på 4 jerver gjeldande frå 1. juni 2017 – 15. februar 2018. Pr. i dag er det ikkje felt dyr av kvoten.

Fylkesmannens vurdering
Etter naturmangfoldloven § 5 er det eit mål at artene og deira genetiske mangfold blir ivaretatt på lang sikt og at artene opptrer i levedyktige bestandar i deira naturlege utbredelsesområder. Tiltak etter naturmangfoldloven skal likevel avveies mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ein slik avveiing skal ikkje føre til at målet i § 5 blir fraveket, men at tiltaket vil kunne føre til at målet i § 5 blir nådd på annan måte eller i anna tempo enn om naturmangfoldet hadde vært det einaste hensynet å ta, jf. også prinsippet om geografisk differensiert rovviltforvaltning. Dette er konkretisert nærmere gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskriften, og gjennom forvaltningsplanen for rovvilt i region 3. Bestandsmålet for jerv i Oppland er 4 årlege ynglingar.

Etter naturmangfoldloven § 7 skal prinsippene i §§ 8 til 12 i loven legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Fylkesmannen har benytta eksisterande kunnskap om jerv i behandlingen av saken, jf. § 8. Det er registrert 6 ynglinger av jerv i Oppland sist vinter (Rovdata leverer sin statusrapport i løpet av september 2017). Fire av ynglingane er påvist innanfor forvaltningsområdet for jerv, og to ynglingar er påvist/antatt påvist i henholdsvis Sikkilsdalen og Skjerdingen i beiteprioritert område. Ved begge disse ynglingene vart det foretatt hiuttak. Det vart felt 5 dyr på lisensfelling vinteren 2016/2017. I tillegg vart det teke ut ei tispe på skadefelling i Øyer i februar, og en hann på skadefelling i Sør-Fron i mars.

Gjennom statusrapporter fra Rovdata og annen informasjon fra overvåkingen og skandinaviske forskningsprosjekt på jerv er det god kunnskap om den samla belastninga som jervebestanden blir utsatt for, jf. naturmangfoldloven § 10. Ut over enkelte påkjørsler og predasjon skjer avgangen av jerv i hovedsak gjennom lisensfelling og skadefelling. Tilfeller der det nyleg har skjedd angrep som også ligger an til å fortsette, ligg i kjernen av virkeområdet for når Fylkesmannen kan gje fellingsløyve etter § 9 i rovviltforskrifta. Det aktuelle skadeområdet ligg innanfor forvaltningsområdet for jerv, jf. forvaltningsplanen og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. På søknadstidspunktet var 6 sau/lam drept av jerv i Skjåk kommune, dette året.

Det går ca. 2 000 sau og lam på beite i området hvor beitelaget Reinheimen slipper sine dyr. Fylkesmannen anser dermed området som et viktig beiteområde, jf. rovviltforskriften § 9a. Området er innenfor rovviltprioritert område, og skader kan forekomme.

Fylkesmannen har erfaring med at skader av jerv er eit tilbakevendande problem år om anna i det aktuelle beiteområdet i Skjåk. Ut frå at det er mykje sau i området, samt i tilgrensende områder, anser vi at potensialet for vidare tap er relativt stort, jf. § 9 b og c. Det er starta sanking i området og Fylkesmannen anser det ikkje hensiktsmessig eller praktisk mogleg å gjennomføre andre alternative forebyggende tiltak til felling på dette tidspunktet, som i tilstrekkeleg grad kan forhindre skade ut fra den akutte tapssituasjonen, jf. rovviltforskriften § 9 d.

Fylkesmannen har vurdert den samla belastninga som jervebestanden er og vil bli utsatt for, og meiner at vedtaket ikkje er i strid med prinsippet i § 10 i naturmangfoldloven. Ut fra dette vurderer vi at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, og vi har soleis lagt liten vekt på føre-var-prinsippet, jf. naturmangfoldloven § 9. Etter vår vurdering er § 11 ikkje relevant her. Vi legger til grunn at den nasjonalt fastsette fordelinga av antall ynglingar av jerv til dei ulike forvaltningsregionane, og rovviltnemndas geografisk differensierte forvaltning av jerv i Oppland oppfyller dei hensyn som er nedfelt i naturmangfoldloven § 12.

Vedtak
Med heimel i naturmangfoldloven § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, gjev Fylkesmannen i Oppland skadefellingsløyve på ein – 1 – jerv i deler av Skjåk kommune. Fellingsløyvet varer til mandag 11. september kl 12.00. Skjåk kommune er ansvarleg for fellingsforsøket.

Følgjande vilkår gjeld for fellingsløyvet:

1. Skadefellingsløyvet gjeld frå mandag 4. september kl. 12:00 til mandag 11. september kl. 12:00. Behov for eventuell forlengelse vil bli vurdert av Fylkesmannen i samråd med kommunen ved løyvets utløp.

2. Skadefellingsløyvet gjeld i Skjåk kommune nord for rv15.

3. Skadefellingsforsøket skal rettas mot skadevoldande individ. Innsatsen bør styrast mot der tapa sist har skjedd, og der dei eventuelt utvikler seg vidare.

4. Dersom det gis fellingsløyver i flere områder samtidig, vil fellingsløyvet inndras umiddelbart om kvoten for betinga skadefelling blir fylt.

5. Det skal kun nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til jakt på jerv, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøvelse av jakt og fangst. Deltakere i skadefellingslaget skal ved bruk av rifle ha avlagt skyteprøve for storviltjakt, og være registrert som lisensjegere.

6. Fylkesmannen og Statens naturoppsyn skal uten opphold underrettast om alle tilfeller hvor dyr påskytes, såres eller felles. Dersom dyr blir skadeskutt plikter dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skytter plikter å forvisse seg om påskote dyr er truffet eller ikkje. Fylkesmannen avgjer videre gjennomføring og avslutning av ettersøk. Dei som har delteke i forsøket på skadefelling skal utan godtgjersle bistå forvaltningsmyndighet eller politimyndighet i det vidare ettersøk.

7. Skadefellingsløyvet gis til Skjåk kommune. Kun personer som er oppnemnt til kommunale skadefellingslag i dei berørte kommunane kan delta i skadefellingsforsøket. Kommunen skal sende oversikt over deltakarane i skadefellingslaget til Fylkesmannen, dersom dette ikkje er gjort tidligere i år. Det forutsettes at dette brevet sendes til alle som deltek i skadefellingslaget, samt at alle medlemmane på skadefellingslaget kjenner til dei generelle gjeldende bestemmelsene i rovviltforskriften og forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst.

8. Ansvarlig skadefellingsleiar kan, dersom det vurderes som aktuelt, sjøl ta kontakt med SNO for eventuell bistand. Slik bistand kan bestå av f.eks. kompetanseoppbygging/opplæringstiltak. SNO vil vurdere eventuelle henvendelser bl.a. med bakgrunn i egen kapasitet.

9. Ansvarleg fellingsleiar skal rapportere kvar tredje dag om fellingsforsøket til Fylkesmannen i Oppland, på telefon 61 26 60 00 eller 977 37 223. Dersom det ikkje er noko nytt å melde kan denne rapporteringen gjerast per SMS. Dersom det blir gjort observasjoner av jerv eller avdekkes nye skader, skal Fylkesmannen ha beskjed om dette.

10. Felling og forsøk på felling i henhold til dette løyvet gjennomføres uavhengig av grunneigars jaktrett, jf. viltloven § 35.

11. Jerv felt i medhold av dette løyvet er viltfondets eigedom. Etter § 16 i Forskrift om forvaltning av rovvilt, skal jeger fremvise felt dyr for SNO for umiddelbar kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og jeger skal kunne påvise fellingssted etter anmodning fra SNO, politi eller Fylkesmannen.

12. I henhold til rovviltforskriften § 9a kan deltakere fra kommunale fellingslag få godtgjering knytta til fellingsforsøket. Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket skal gjennomførast på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Fylkesmannen setter ei økonomisk ramme på kr. 20 000,- til dette skadefellingsforsøket. Det gis i tillegg tilsagn om inntil kr. 10 000,- til dokumenterte utgifter i samband med fellingsforsøket (kjøring, bompengar etc., ikkje lønn). I tillegg til fastsatt maksimal døgnsats (1 600,- pr. døgn), skal kommunane også berekne feriepengar og arbeidsgiveravgift, og dette skal kommunen dekke innanfor dei nevnte rammene frå Fylkesmannen. Ramma er å betrakte som endeleg for den perioda løyvet varer. Dersom kommunen meiner det er ekstraordinære omstendigheter som gjer at ramma bør aukas, må det tas kontakt med Fylkesmannen i forkant. Kommunen må syte for at deltakarane i fellingslaget fører timelister og oversikt over antall kjørte kilometer og andre utgifter. Kommunen skal sende sin fellingslogg, med detaljert oversikt over utgifter knyttet til fellingsforsøket til Fylkesmannen i Oppland innan tre dager etter endt fellingsforsøk.

13. Fylkesmannen vil godtgjere bruk av sporhundekvipasjer direkte, etter avtale med hver enkelt ekvipasje.

Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eit eller fleire av vilkåra, eller inndra fellingstillatelsen.

Rovviltnemnda i region 3 v/leder er orientert om vedtaket.

Klagerett

Fylkesmannen viser til at vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagas etter bestemmelsene i forvaltningsloven. Klagefristen er tre – 3 – veker frå mottakelsen av dette brevet. Eventuell klage på vedtaket skal adresseras til Miljødirektoratet, men sendes via Fylkesmannen i Oppland.

Med helsing

Vebjørn Knarrum e.f.
avdelingsdirektør

Stein Egil Granli
rådgiver

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.